

KO

# Nasjonale mål for fylkes- og kommuneplanlegginga, og opplegget av fylkesplanlegginga 1996–99

Til  
fylkeskommunane  
kommunane  
fylkesmennene

**NASJONALE MÅL FOR FYLKES- OG  
KOMMUNEPLANLEGGINGA, OG OPPLEGGET  
AV FYLKESPLANLEGGINGA 1996 – 99**

**Innhald**

1 Innleiing .....	2
Del I: Nasjonale politisk prioriteringar som den regionale planlegginga skal ivareta .....	4
2 Bakgrunn for dei nasjonale prioriteringane .....	4
3 Ein heilskapleg arealpolitikk .....	5
4 Ein regionalt samordna nærings-, distrikts- og arbeidsmarknadspolitikk .....	12
5 Ein regionalt tilpassa levekårs- og tenestepolitikk .....	15
Del II: Opplegget av fylkesplanlegginga 1996 – 99 .....	18
6 Den regionalpolitiske rolla til fylkeskommunane, og fylkesplanlegginga .....	18
7 Fylkesplanlegginga – prosess og dokument .....	19
8 Fylkesplanlegginga i høve til verksemda i staten, kommunar, organisasjonar og til fylkeskommunanes eigen verksemd .....	22
<b>VEDLEGG</b>	
Nye og aktuelle rundskriv og anna informasjonsmateriale	27

# **1 Innleiing**

Den regionale planlegginga etter plan- og bygningslova er ein styringsreiskap for å fremme ei ønskt samfunnsutvikling, underlagt folkevald styring i kommunane og fylkeskommunane. Samstundes er regional planlegging eit felles system for samfunns- og arealplanlegging for staten, kommunane og fylkeskommunane. Planlegginga skal gje grunnlag for avgjerd om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Plansystemet har derfor klare reglar for samhandling og dialog mellom forvaltningsnivåa, med utgangspunkt i politisk styrte avgjerdss prosessar.

Regional planlegging er altså både

- ein viktig styringsreiskap for kommunar og fylkeskommunar for å sikre ønskt samfunnsutvikling innan eige geografisk område, og
- ein viktig regionalpolitisk reiskap for å nå nasjonale mål i samfunnsutviklinga gjennom tiltak og innsats som er tilpassa lokale tilhøve.

Kommune- og fylkesplanlegginga er områderetta og sektor-overgripande. Styrken i dette ligg i at planlegginga opnar for å løyse samfunnsproblem der årsaka ligg i andre sektorar enn dei som opplever dei negative verknadane. Ei effektiv løysing på miljøproblem føreset ofte ein førebyggande innsats i t.d. samferdsle- eller landbrukssektoren, snarare enn reparering i ettertid. Ei effektiv løysing på helseproblem føreset ofte ein førebyggande innsats innanfor nærmiljøet når det gjeld fysisk miljø, gode butilhøve, transport, kulturelle aktivitetar, sosiale nettverk m.v., snarare enn reparerande helsetiltak. Ein effektiv innsats for å støtte opp om næringslivet lokalt føreset ofte ei samordning av tiltak i offentleg verksemd som vedgår næringslivet, t.d. i samferdsle og utdanning, snarare enn direkte økonomisk stønad.

Den overordna og langsiktige delen av kommune- og fylkesplanlegginga bør, ut frå det ovanståande, vere konsentrert om dei emna som er av særleg politisk interesse, har stor samfunnstyding og krev løysingar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Prioriteringa av slike emne må ta utgangspunkt i nasjonale

politiske mål og dei politiske utfordringane som er vurdert som særleg viktige i den einskilde kommune eller fylkeskommune.

Målet med rundskrivet er todelt. Rundskrivet skal for det første klargjere dei nasjonale politiske utfordringane som Regjeringa og Stortinget meiner det er viktig at den regionale planlegginga etter plan- og bygningslova i kommunane og fylka skal medverke til å løyse utover 90-talet. Dette står i Del I i rundskrivet.

For det andre omhandlar rundskrivet fylkeskommunens regionalpolitiske rolle, og opplegget av fylkesplanlegginga 1996 – 99. Dette står i Del II. Rundskrivet erstattar rundskriv T-6/90 Hovedrevisjon av fylkesplanleggingen 1992-95.

Rundskrivet omhandlar ikkje opplegget for kommuneplanlegginga, utover å klargjere nasjonale politiske utfordringar. Rundskrivet gjev heller ikkje ein utfyllande gjennomgang av alle viktige emne i kommune- og fylkesplanlegginga. Bakerst i rundskrivet er det gjeve ei oversikt over aktuelle rundskriv, informasjonsmateriale o.l. som kan vere til nytte.

# **Del I: Nasjonale politiske prioriteringar som den regionale planlegginga skal ivareta**

## **2 Bakgrunn for dei nasjonale prioriteringane**

I Langtidsprogrammet for 1994-97 [St.meld. nr. 4 (1992-93)] understrekar Regjeringa seks hovudutfordringar for samfunnsutviklinga ein berre kan møte ved ei brei mobilisering frå alle grupper i samfunnet. Desse utfordringane er:

- trygge velferdssamfunnet gjennom auka verdiskaping og sys-selsetting
- sikre miljøet og ei berekraftig utvikling
- utvikle livskraftige nettverk i nærmiljø og arbeidsliv
- førebygge problem på ulike område i samfunnet, som t.d. for-ureining og andre miljøproblem, sjukdom og kriminalitet
- auke evna og vilja til felles ansvar. Det må vere bruk for alle, og alle må yte ein innsats
- få til omprioriteringar som kan skape rom for å løyse høgt prioriterte samfunnsoppgåver.

Regjeringa meiner dette er utfordringar som også den regionale planlegginga må bidra til å løyse. I St.meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken drøftar og klargjer Regjeringa nærrare kva nasjonale utfordringar og politiske prioriteringar det er føresett at den regionale planlegginga skal ta i vare dei nærmaste åra. Meldinga vart behandla i Stortinget våren 1993 [jf. Inst. S. nr. 237 (1992-93)].

Hovudpunkt i St. meld. nr. 31 vert presentert nedanfor, med vekt på dei konkretiseringar meldinga inneheld i høve til tidlegare stortingsmeldingar om den regionale planlegginga. Det gjeld særleg mål og prinsipp for ein samla arealpolitikk, som vart presentert for første gong i meldinga.

Korkje i St. meld. nr. 31 eller ved Stortinget si behandling av denne er det lagt opp til sterkare statleg styring av kommuneforvaltninga gjennom den regionale planlegginga. Men samstundes som den regionale planlegginga først og framst er ein

reiskap for lokal folkevald styring, skal planlegginga også ivareta nasjonale mål og interesser. Derfor er det viktig at desse nasjonale måla og interessene vert markerte klart og tydleg i forkant av dei lokale planprosessane, gjennom m.a. rikspolitiske retningsliner og rundskriv.

### **3 Ein heilskapleg arealpolitikk**

#### **3.1 Premiss, mål og hovudprinsipp**

I St.meld. nr. 31 (1992-93) understrekar Regjeringa at ein grunnleggande premiss for arealpolitikken er å fremme ein økologisk forsvarleg bruk av arealressursane som sikrar naturen som varig kjelde for helse, trivsel og næringsverksemd.

Ein heilskapleg arealpolitikk er naudsynt særleg ut fra to tilhøve. For det første er areal ein avgrensa ressurs, der omdisponering til t.d. utbygging i praksis ikkje kan gjerast om. Vern om naturmiljø og biologiske ressursar er eit sentralt element i politikken til Regjeringa. Vern mot nedbygging av store samanhengande areal med dyrka eller dyrkbar mark med høg kvalitet og skogsmark av høg bonitet vil derfor framleis vere eit sentralt siktemål i arealpolitiken. På same måte vil det vere eit sentralt siktemål å unngå omdisponering av særleg verdufylle naturområde, kulturmiljø, vassdragsnære areal og friluftsområde.

For det andre er det ei hovudoppgåve for Regjeringa å legge til rette for eit livskraftig næringsliv, bygd på langsiktig, forsvarleg og effektiv utnytting av alle ressursar i samfunnet. Dette gjeld også arealressursane. Derfor må vi legge vekt på å finne løysingar som både kan ta i vare målet om berekraftig utvikling og som er økonomisk forsvarlege for næringslivet.

Med dette som utgangspunkt har arealpolitikken som mål:

- å sikre næringslivet tenelege areal som grunnlag for verdiskaping innanfor rammene av ei berekraftig utvikling
- å ta vare på kvalitetane i bylandskapet, kulturlandskapet og naturlandskapet og
- å legge til rette for å avgrense transportbehovet.

Følgande hovudprinsipp skal ligge til grunn for arealpolitikken:

- *arealøkonomisering*

Innanfor område som er tatt i bruk til utbyggingsføremål, er ofte store delar därleg utnytta. Slike areal bør nyttast effektivt i høve til dei måla som er sett for området, t.d. gjennom fortetting eller opprydding og gjenbruk av areal. Ein må vurdere dette prinsippet opp mot behovet for å sikre tilstrekkelege grøntareal, og rom for aktivitetar i nærmiljøet.

- *samle og minimalisere naturinngrep*

Det er eit godt grunnprinsipp å samle fleire naturinngrep. Dette gjeld m.a. inngrep som verkar som barrierar i naturen, som vegar og jernbaner. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å unngå alle naturinngrep, men når ein gjer naturinngrep, må dette skje så skånsamt som råd er. Det vil alltid være naudsynt å sette krav til utforminga av inngrep, også der fleire skjer samla.

- *tilpassing av ny utbygging til omgjevnadene*

Utforminga av nye bygg og anlegg må vere tilpassa heilskapen dei vert sette inn i. Bygningsmiljøa som vert skapt i vår tid, vil stå som bilet på våre kulturelle haldninga og verdimål.

- *fleirbruk av område*

Eit areal kan ofte vere i bruk til fleire føremål. Ein kan unngå mange konfliktar ved å tilpasse, koordinere og utarbeide køyreglar for fleirbruk av areala, sjølv om dette kan føre til at ingen heilt ut får sine interesser igjennom.

- *samlokalisering*

Det bør vere lagt til rette for større grad av samlokalisering av funksjonar, m.a. med sikte på å avgrense transportbehovet og legge til rette for kollektive transportløysingar.

- *tilpassing/omstrukturering av transportsystemet*

Transportsystemet bør vere tilpassa behovet, og såleis vere ein konsekvens av arealbruken og verksemda i samfunnet. Vi

må få ei betre samordning og avvegning mellom ulike transportmåtar. Det er viktige å legge til rette for eit godt transporttilbod for ulike typer trafikk. Dette gjeld utvikling av eit effektivt kollektivnett, eit teneleg sykkelvegnett, og eit hovudvegsystem for regional og interregional transport, m.a. for næringslivet.

Bruken av desse prinsippa vil gje ulike løysinger i ulike delar av landet. Fleire av prinsippa er i første rekke innretta mot by- og tettstadutviklinga, men gjeld også for spreiddbygde område i ei tilpassa form. Avveginga i høve til utbyggingsmønster bør bygge på ei avgrensing av by- og tettstadveksten innanfor bebygde område, med definerte grenser til område rundt. Det er viktig at avgjerder om utbyggingsmønster vert tatt med utgangspunkt i vurderingar som tar ivare omsynet til ein samfunnsøkonomisk effektiv ressursbruk. Avgjerdene må vere basert på breie vurderingar av verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Dersom det er interessemotsetningar ved utarbeidning av arealplanar, t.d. om traseaval ved veganlegg, bør fleire alternativ konsekvensutgreiast.

Det må vere rom for tilpasningar i utbyggingsmønsteret ved disponering av areala, med sikte på utvikling av funksjonelle og levedyktige byar og tettstader. Ein del stader kan dette kome i konflikt med jordvernet. I område innanfor gangavstand til stasjonar og knutepunkt for kollektivtrafikken, bør ein kunne praktisere jordvernet mindre strengt. Det same gjeld for relativt små jordbruksareal som ligg inneklemt som lommer i tettbygde strok. Her bør utbygging eller alternativ bruk ha stor vekt i høve til jordvern. Ein kan også gjere justeringar på jordbruksareal dersom dette gjev ein betre arrondering av areala eller ei klarare grense mellom bygde areal og jordbruk. Men ein må elles ta vare på dei verdiar som eit bynært landbruk utgjer.

### **3.2 Betre samordning av areal- og transportplanlegginga**

Regjeringa har nyleg vedtatt rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging, jf. rundskriv T-5/93 frå Miljøverndepartementet. Retningslinene skal ligge til grunn for

planlegging og utøving av mynde etter plan- og bygningslova i kommunar, fylkeskommunar og hos statlege styresmakter. Statlege styresmakter bør også nytte retningslinene i forvalningsverksemda elles innanfor dei rammene gjeldande sektorlov gjev.

I retningslinene vert det gjort greie for nasjonale mål som er viktige for areal- og transportplanlegginga, klargjort viktige prinsipp for vektlegging av tema i planlegginga, og peikt på samarbeidsbehov og ansvar i gjennomføringa.

Det er sett som overordna mål å utvikle arealbruk og transportsystem slik at dei fremmer samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursane, med gode miljøløysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bygge på eit langsiktig, berekraftig perspektiv, og ha vekt på å oppnå gode regionale heilsaksløsingar på tvers av kommunegrensene.

I retningslinene vert det peika på behov for å avklare prinsipp for ein utbyggingsstruktur med m.a. avgrensing av by- og tettstادområde, senter/servicestruktur, grøntstruktur og dei ulike hovudtransportsistema. Desse prinsippa bør verte nedfelt i ein fylkesdelplan og følgde opp i kommuneplanar. Fylkeskommunen bør ha ei sentral rolle som initiativtakar og pådrivar i samordning av areal- og transportplanlegginga over kommune- og fylkesgrenser. Når det gjeld det konkrete innhaldet i retningslinene, viser vi til ovannevnte rundskriv.

### **3.3 Bruk og vern av arealressursar der naturressursane dominerer**

Det vil vere ei hovudutfordring for arealplanlegginga å ta vare på område som ikkje er dominert av utbygging, og vurdere om og eventuelt på kva måte inngrep i naturen skal skje. Det er også viktig å avklare grunnlaget for uttak av ressursar som ikkje er fornybare, og å finne fram til fornuftig fleirbruk av areal. Dei nasjonale og regionale verneplanane i medhald av naturvernlova er viktige, men gjev ikkje tilstrekkelege bidrag til å nå miljøpolitiske mål om å ta vare på berekraftige økosystem, biologisk mangfald og biologisk produksjon. På same måte vil

nasjonalt kulturminnevern berre representerer eit punktvern. Det er derfor svært viktig at det vert utarbeidd mål og handlingsplanar i kommune- og fylkesplanlegginga på desse felta, for å bidra til å oppfylle nasjonale mål. I St. meld. nr. 31 vert det peika på følgande område som må få særskild merksemd framover:

– *kystsona*

Både på land og sjø i kystsona skjer ein intensiv og sammensett bruk av areala. Mange interesser er representererte, som t.d. fiskeri og havbruk, sjøtrafikk, bustad- og hyttebygging, turisme, friluftsliv og natur- og kulturvern. Samordna planlegging i kystsona, der ulike interesser vert avvegne, må i større grad vere ein naturleg del av kommune- og fylkesplanlegginga. Dette krev eit breidt samarbeid om utarbeiding og oppfølging av planane. Fylkeskommunane langs kysten må gje rettleiing til kommunane om kystsoneplanlegging, i samarbeid med aktuelle statlege etatar, og også peike på område i fylket der det er viktig med slik planlegging.

I dei konkrete avgjerdene er det viktig å ta utgangspunkt i ei overordna avveging innanfor eit større geografisk område som ikkje er bunde til kommunegrenser. I ein del tilfelle vil fylkesdelplanar vere ein aktuell planform for å gje overordna retningsliner for bruk av kystsona. Omsynet til biologisk mangfald og naturensstålegrense bør vege tungt i kystområde der næringslivet er avhengig av naturen som ressursgrunnlag.

For planlegging i kyst- og sjøområde i Oslofjordregionen er det fastsett eigne rikspolitiske retningsliner, jf. rundskriv T-4/93 frå Miljøverndepartementet.

– *vassdrag*

Det er ei viktig utfordring for den regionale planlegginga i kommunane og fylkeskommunane å ta ivare nasjonale mål og interesser i forvaltinga av vassdraga. Vassressursane med tilgrensande område, som t.d. grøntareala langs vassdraga, må verte forvalta slik at folk har størst mogleg glede og nytte av dei, og slik at ressursane ikkje vert forringa.

I samband med behandlinga av St.prp. nr. 118 (1991-92) Verneplan IV for vassdrag, har Stortinget uttalt at vi må søke å unngå andre typar inngrep i dei verna vassdraga som kan redusere verneverdiane. Regjeringa vurderer å fastsette riks-politiske retningslinjer som mellom anna vil vere retta inn mot den kommunale og fylkeskommunale planlegginga knytt til verna vassdrag. Retningslinene vil konkretisere dei nasjonale måla for forvaltning av verna vassdrag, og gje rammevilkår for verksemd som påverkar verneverdiane knytte til natur, landskap, kulturminne og friluftsliv. St. meld. nr. 60 (1991-92) Om Samla plan for vassdrag har elles gitt eit breitt grunnlag for å vege ulike brukarinteresser opp mot kvarandre.

Hovuddelen av norske vassdrag er ikkje verna mot vasskraftutbygging. Det er viktig å ta ivare verne- og bruksverdiene også i desse vassdraga. Omsynet til verneverdiane kan ofte tape når det oppstår interessekonfliktar. Vassdragsplanlegging ved bruk av plan- og bygningslova kan vere eit godt verkemiddel for å avklare og samordne interesser her. Ei særskild planutfordring er knytt til at vassdraga kryssar kommunegrenser og fylkesgrenser. Dette krev godt samarbeid over grensene, og gjev fylkeskommunane ei sentral rolle i planlegginga.

– *store samanhengande naturområde*

Kommunar og fylkeskommunar er tillagt planansvar gjennom plan- og bygningslova for arealbruken i dei områda som ikkje vert regulerte gjennom særlover. Aktuelle målkonfliktar i desse områda kan vere veg- og reiselivsutbygging og ressursutnytting, i høve til natur- og artsvern. Store ubygde areal og ein variert natur gjev høve til rekreasjon og friluftsliv. Norsk natur er også utan tvil det viktigaste fortrinnet reiselivsnæringa har i konkurranse om turistane. For turistane er det også samspelet mellom natur, busetting, kulturminne og næringsverksemd som samla gjev opplevelingar og rekreasjon. Det er viktig at lokale og regionale styresmakter innarbeider omsynet til nasjonale miljømål om biologisk mangfold i si planlegging, slik at Noreg også i framtida kan behalde større urørte naturområde.

Det er også viktig at kommunar og fylkeskommunar gjennom arealplanlegginga syter for at verneverdiane i område som er til handsaming etter naturvernlova ikkje vert øydelagde av inngrep eller tiltak i planleggingsperioden. Jf. St.meld. nr. 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Norge og oppfølginga av denne.

### **3.4 Behovet for arealretta fylkesplanlegging og tilhøvet til arealplanlegginga i kommunane**

Kommunane er sentrale i utforming og gjennomføring av arealpolitikken. Gjennom kommuneplanlegginga er dei tillagt mynde til å fatte vedtak om arealbruken innanfor eigne grenser. Dei fleste arealpolitiske spørsmål har ei naturleg avgrensing innanfor den einskilde kommune.

Men samstundes vil både samordna areal- og transportplanlegging og bruk og vern av arealressursar røre ved spørsmål som ofte går utover grensene for ein kommune. Det er ofte vanskeleg å vurdere utbyggingsmønsteret i ein kommune isolert, da utbygginga i ein kommune har verknader for utbyggingsmønster i nabokommunen (jf. pkt. 3.2). Det er også ofte behov for å vurde re forvaltning av større samanhengande naturområde, vassdrag og kystsona i ein større samanheng, og legge regionale rammer for kommunal planlegging (jf. pkt. 3.3).

I St.meld. nr. 31 peikar Regjeringa på at fylkesplanlegginga må nyttast i større grad enn i dag til å samordne arealbruken over kommunegrensene. Nasjonale mål som påverkar arealplanlegginga vert presentert i stortingsmeldingar, og presisert og konkretisert i rundskriv og rikspolitiske retningsliner. Men det vil ofte vere behov for regionale tilpasningar av nasjonale mål. Gjennom samordna retningsliner for arealbruken i fylkesplanar eller fylkesdelplanar, vil ein kunne konkretisere og detaljere nasjonale mål og avvege verne- og utbyggingsinteresser, ut frå dei vekslande tilhøva i landet.

Utarbeiding av retningsliner for arealbruken i fylkesplanar og fylkesdelplanar bør skje i nært samarbeid mellom fylkekom munen, statlege etatar og kommunane, for å sikre at nasjonale mål og interesser vert tatt i vare i planarbeidet, og at lokale in-

teresser vert avvegd. Retningsliner i ein godkjent fylkesplan eller fylkesdelplan skal ligge til grunn både for den kommunale planlegginga, og for rettleiing og behandling av kommunale planar i fylkeskommunane og statlege etatar. Slike retningsliner vil derfor vere grunnlag for god samordning på fylkesnivået, og gje kommunane og andre eit betre utgangspunkt for si planlegging. Retningsliner i godkjente fylkesplanar og fylkesdelplanar vil også vere eit viktig grunnlag for eventuell motsegn (innsigelse) til nye kommunale planar.

## **4 Ein regionalt samordna nærings-, distrikts- og arbeidsmarknadspolitikk**

### **4.1 Nasjonale mål**

Det er eit hovudmål for Regjeringa å sikre arbeid for alle og ei tilstrekkeleg verdiskaping i næringslivet. For å nå desse måla er det viktig å utvikle eit livskraftig næringsliv i alle delar av landet. Politikken må vere basert på effektiv utnytting av dei samla ressursane, og på dei internasjonale økonomiske og institusjonelle rammevilkåra som ligg til grunn. Politikken må også bygge på ei forståing av korleis ulike regionar i samspel best mogleg kan bidra til næringsutvikling i landet.

St.meld. nr. 33 (1993-93) By og land hand i hand, og behandlinga av denne i Stortinget, legg eit viktig grunnlag for regional- og distriktpolitikken dei nærmaste åra. Denne meldinga sett som mål for ein heilsakleg regionalpolitikk at den skal hjelpe til å utvikle levedyktige regionar i alle delar av landet. Det må vere ei balansert samansetning av befolkninga, og eit likeverdig sys-selsettings- og velferdstilbod som gjev både kvinner og menn gode vilkår for å ta del i yrkeslivet. Det overordna målet for distriktpolitikken er å oppretthalde hovudtrekka i busettings-mønsteret. Dette må skje ved å gjere distrikta til reelle lokalise-ringsalternativ for næringslivet og reelle busettingsalternativ for befolkninga. Målet for den statlege innsatsen i sentrale strok er både å fremme ei positiv utvikling i desse områda, og å hjelpe til at dei kan fungere som funksjonelle sentra for heile landet.

Naturressursar legg grunnlag for ein stor del av verdiskap-

inga som skjer i landet. For å vidareutvikle næringslivet i distrikta er det ein føresetnad at naturressursane vert forvalta på ein langsiktig økologisk forsvarleg måte.

## **4.2 Behovet for ein næringsretta fylkes- og kommuneplanlegging**

Regjeringa føreset at nasjonale mål for nærings-, distrikts- og sysselsettingsutviklinga vert tillagd stor vekt i kommune- og fylkesplanlegginga i åra framover.

Kommunane og fylkeskommunane har eit stort ansvar for å tilpasse nærings- og distriktpolitikken til lokale og regionale tilhøve, slik at det vert lagt til rette for auke i sysselsettinga innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Det må skje i god kontakt med statlege næringsetatar, vegkontor, arbeidsmarkedsetat o.l., for å samordne ulike offentlege verkemiddel med verknad for næringsutvikling.

Fylkeskommunane har ein viktig funksjon i nærings- og distriktpolitikken. Dei dekker eit geografisk nivå som er stort nok til at ein kan sjå dette sterkt samanlevde politikkområdet i heile si breidd, men er samstundes ikkje større enn at naudssynt lokalkunnskap er til stades. Fylkeskommunen har ansvar for viktige delar av verkemidla i nærings- og distriktpolitikken, og for andre offentlege oppgåver med verknad for næringslivet, t.d. vidaregåande utdanning, og innanfor samferdsle- og energisektoren. Fylkeskommunar er engasjert i etablering og drift av regionale FoU-miljø som er viktige for næringslivet, og er ein viktig medspelar i statleg sektorplanlegging med verknad for næringslivet. I tillegg har fylkeskommunen gjennom fylkesplanlegginga ei viktig rolle i å medverke til samordning av offentleg verksemd med sikt på å styrke den langsiktige nærings- og sysselsettingsutviklinga i fylket.

I St. meld. nr. 33 (1992-93) vert det signalisert at fleire verke middel, t.d. omstillingsløyvinga, skal få ei regional vinkling ut over kommunegrensene, for å legge tilhøva til rette for at fylkeskommunane skal spele ei sentral rolle innanfor ein heilsakleg regionalpolitikk.

Fylkeskommunane bør legge vekt på å sjå tilrettelegging og

motivasjon for ulike utdanningstilbod i samanheng med næringspolitikken. Det er viktig at ungdom vert motivert til å satsa på utdanning som det er behov for i fylket. Skulen skal legge meir vekt på praktisk arbeid og arbeidsskaping, og meir og meir få som oppgåve å vere eit lokalt ressurssenter. Det er ein føresetnad at dette arbeidet skjer i nær kontakt mellom aktuelle etatar, nærings- og arbeidsliv og utdanningssektoren.

Eit effektivt næringsengasjement i fylkeskommunane føreset nært samarbeid med kommunane. Kommunane har ansvaret for gjennomføringa av viktige sider av nærings- og distriktspolitikken. Dei fleste kommunane har sett verdien av å satse på næringsutvikling, og har dei siste åra bygd opp kompetanse på utviklingsretta arbeid og utbygging av infrastruktur. Distriktskommunane har også lagt aukande vekt på å utvikle gode teneste- og kulturtildel. Trivelege omgjevnader er viktige for næringslivet og befolkninga, ikkje minst i høve til rekruttering av kvalifisert arbeidskraft av begge kjønn.

Regjeringa meiner at kommunane og fylkeskommunane må ta eit større ansvar for sysselsettinga også på kort sikt, i eit forpliktande samarbeid med arbeidsmarknadsetaten. Verkemidla til arbeidsmarknadsetaten kan medverke til omstillingar i næringslivet, m.a. ved å tilføre arbeidskrafta rett kompetanse i høve til kva næringslivet treng. Regjeringa legg vekt på at arbeidsmarknadstiltak som skal bidra til å lette kortsiktige sysselsettingsproblem, også vert sett i samanheng med næringspolitiske strategiar i fylkeskommunar og kommunar. Eit aktuelt verkemiddel kan vere å opprette «arbeidsmarknadsråd», dvs. rådgjevande samarbeidsorgan på fylkesnivå mellom arbeidsmarknadsetaten og samarbeidspartnarar for etaten, jf. rundskriv H-32/93 frå Kommunal- og arbeidsdepartementet.

I næringsplanlegginga er det viktig å følge opp den nasjonale reiselivsstrategien, m.a. gjennom uteiking av geografiske og tematiske satsingsområde. Det er også viktig med samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar for å fremme eit utbyggingsmønster og transportsystem som er effektivt for næringslivet, og som samstundes gjev gode miljøløysingar (jf. kap. 3.1 og 3.2). Stabile lokaliseringsvilkår og gode kommunikasjonar er viktige faktorar for foretaka.

Ei rekke kommunar og fylkeskommunar har dei seinare åra opparbeidd ein stor kompetanse når det gjeld strategisk næringsplanlegging, og i å bygge ut infrastruktur i vid tyding for næringslivet. Dette arbeidet bør skje i alle fylke og kommunar, som ein del av eller nært knytt opp til anna overordna planlegging. Strategisk næringsplanlegging går på tvers av sektorgrensene, og må sjåast i samanheng med mål for t.d. busetnad, offentlege tenester, likestilling, miljø, transport og utdanning. Det er også viktig at næringslivet deltar aktivt i planlegginga, for å avdekke behov og skape eit lokalt næringsengasjement.

Frifylkesforsøka i Aust-Agder og Nordland har opna for ein meir aktiv bruk av fylkesplanane og dei strategiske næringsplanane. Det har skjedd endringar av arbeidsmåtane innanfor fleire av fylka frå rein sektortenking til meir tverrsektoriell problemsløysing. Planprosessane i forsøket har vore viktige for utviklinga av felles problemforståing og mål i fylket, på tvers av sektorgrenser. Erfaringane frå frifylkesforsøka kan gje gode innspel til fylkesplanlegginga i dei andre fylka.

## **5 Ein regionalt tilpassa levekårs- og tenestepolitikk**

### **5.1 Offentleg tenesteyting – samordning gjennom kommune- og fylkesplanlegginga**

Regjeringa meiner det er viktig å bevare, fornye og vidareutvikle ein sterk offentleg sektor for å nå viktige velferds mål i samfunnet. Dette krev eit samspel mellom Stortinget, regjeringa, fylkeskommunar og kommunar. Samspelet og samarbeidet mellom forvaltningsnivåa vert etter kvart meir og meir avgjerande for å finne fornuftige løysingar på dei samansette oppgåvene det offentlege står overfor. Vi ser dette behovet m.a. når det gjeld ein utviklingsorientert nærings- og distriktpolitikk, og i ein førebyggande miljø-, helse- og oppvekstpolitikk.

Kommune- og fylkesplanlegginga vil kunne gje viktige samordningsbidrag for å finne gode løysingar på tvers av sektorane, i tillegg til planlegging innanfor den einskilde sektor. Dette gjeld lokalisering og dimensjonering av ulike offentlege teneste-

tilbod, med utgangspunkt i utviklingsstrategiar for samanhengande regionar. Og det gjeld ikkje minst samarbeid for å løyse problem som fell mellom både forvaltningsnivå og sektorar, og for å unngå at verksemdund i ein sektor skaper problem for ein annan sektor.

## **5.2 Lokalsamfunns- og nærmiljøpolitikk – ansvaret til kommunane og støtte frå fylkeskommunane**

Regjeringa har som mål at lokalsamfunna i alle kommunar skal gje ei god ramme om kvardagslivet til folk, både fysisk, sosialt og kulturelt. Dette stiller m.a. krav til god utforming av fysiske omgjevnader og tilgang på naudsynte nærteneester.

I St.meld. nr. 29 (1992-93) Om nærmiljøpolitikk peikar Regjeringa på behovet for å stimulere til nytenking, mobilisering og utvikling av samvirkeløysingar mellom frivillige lag og organisasjonar, folk og kommunen for å løyse oppgåver i lokalsamfunnet. Erfaringar viser at slik satsing kan vere med på å betre levekåra, skape større identitet, og legge tilhøva til rette for gode og levande lokalsamfunn.

Regjeringa meiner at lokalsamfunnet i aukande grad vert viktig for å trygge og vidareutvikle velferdssamfunnet. Ei hovudutfordring for å få dette til er å utvikle ei offentleg forvaltning på alle nivå som fremmer lokal kreativitet og lokalt ansvar til beste for fellesskapen. Målet er ei offentleg forvaltning som er open for medverknad og samspel med folk i lokalsamfunnet.

Det er kommunen som har hovudsvarer for å gjennomføre ein lokalt tilpassa nærmiljø- og lokalsamfunnspolitikk. Kommuneplanlegging forankra i lokalsamfunn er eit godt verkemiddel for å utløyse ein brei samfunnsinnsats i nærmiljøet, i samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Fylkeskommunen skal, så langt råd er, gje kommunen planfagleg hjelp og rettleiing.

Også i St.meld. nr. 37 (1992 – 93) Utfordringer i helsefremmende og forebyggende arbeid, vert behovet for å utvikle gode lokalsamfunn understrekå. Helse- og sosialtenesta har viktige oppgåver i utviklinga av nærmiljø og lokalsamfunn. Tenesta har

kunnskap om helsetilstand og sosiale tilhøve, og skal bidra til at dette vert lagt til grunn for planlegging i kommunen og fylket.

Dei rikspolitiske retningslinene for å ta i vare interessene til barn og unge i planlegginga, jf. rundskriv T-2/92 frå Miljøvern-departementet, er eit viktig grunnlag for regional planlegging. Retningslinene gjeld først og framst for planlegginga i kommunane og for byggesaksbehandlinga. Men det blir presisert at fylkeskommunen, i samråd med fylkesmannen, så langt råd er skal rettleie og gje kommunane støtte for å sikre interessene til barn og unge. Det må også vere eit mål for fylkeskommunen, gjennom fylkesplanlegginga, å bidra til betre fysisk, sosialt og kulturellt oppvekstmiljø for barn og unge, i nært samarbeid med kommunane.

Regjeringa legg stor vekt på butilhøve og bumiljø. Tryggleik i eigen bustad og i nærmiljøet er sentrale nasjonale mål. I kommuneplanlegginga er det viktig å legge til rette for gode butilhøve, og god lokalisering av bustadområda. Planlegginga må også legge til rette for fornying av eksisterande bustader, og sikre godt nok tilbod av tomter til bustader og nærmiljøbygg både når det gjeld antal og kvalitet.

## **Del II: Opplegget av fylkesplanlegginga 1996–99**

### **6 Den regionalpolitiske rolla til fylkeskommunane, og fylkesplanlegginga**

Regionalpolitikk er den samla offentlege innsatsen frå staten, fylkeskommunane og kommunane for å fremme ei ønskt samfunnsutvikling i alle delar av landet. Det er store geografiske variasjonar i føresetnaden for regional utvikling i landet, og i dei behova og ønska folk har for utviklinga. Fylkeskommunar og kommunar har derfor fått tildelt eit stort politisk ansvar for utviklinga i eige geografisk område, innanfor nasjonale rammer lagt av Stortinget og regjeringa. Dette skal også medverke til å utløyse dei mennesklege og materielle ressursane som ligg i ein lokalt forankra utviklingsstrategi, der folk meir direkte kan påverke eiga framtid.

Fylkeskommunane har eit ansvar for å gje viktige tenester til befolkning og næringsliv. Dette er regionalpolitiske oppgåver som har stor verknad på utviklinga og levekåra i fylket.

I tillegg er fylkeskommunane pålagt eit særskilt regionalpolitisk ansvar gjennom fylkesplanlegginga. Fylkesplanlegginga skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemda til staten og fylkeskommunen og hovudtrekka i verksemda til kommunanene. Dette skal medverke til ein betre utnytting av dei samla ressursane til staten, fylkeskommunen og kommunane i fylket, tilpassa regionale tilhøve innanfor nasjonale mål, til beste for befolkninga i fylket.

På mange område vil fylkesplanlegginga vere eit verkemiddel for samarbeid mellom sektorar og forvaltningsnivå ut frå felles mål og strategiar. Men på nokre område er det også naudsynt å avvege motstridande mål mot kvarandre, innanfor nasjonale mål og rammer. Gjennom fylkesplanlegginga er fylkeskommunane tildelte eit ansvar for å gjere slike politiske val for utviklinga i fylket. Dette er ei stor regionalpolitisk utfordring for fylkeskommunen.

I tidlegare rundskriv om fylkesplanlegginga er det lagt vekt på at planlegginga bør ta utgangspunkt i dei emna som har størst politisk interesse i fylket, med særleg vekt på oppgåver som krev løysing på tvers av sektorgrenser og forvaltningsnivå. Dette bør også ligge til grunn for neste hovudrevisjon av fylkesplanane.

I fylkesplanlegginga bør ein vektlegge den overordna og langsiktig planlegginga. Samstundes er det ei utfordring å gjere politiske avvegingar mellom mål- og interessekonflikter i fylkesplanen, eller legge til rette for at dette kan skje i oppfølgande samhandlingsprosjekt eller fylkesdelplanar, sett i høve til dei nasjonale prioriteringane presenterte i Del I.

## 7 Fylkesplanlegginga – prosess og dokument

### 7.1 Planprosessen er viktig for eit godt resultat

Fylkesplanen må vere resultat av ein omfattande fylkesplanprosess. Planprosessen må vere politiske styrt, og med ulike aktørar som skal iverksette eller vert berørt av planen som deltagarar. Dersom ein statleg etat eller kommune ikkje er aktivt med i planprosessen, vil dei i mindre grad vere forplikta av planen.

Planprosessen må ta utgangspunkt i dei politisk prioriterte utfordringane i fylket, sett i høve til nasjonale mål. Dei ulike aktørane i statlege etatar, fylkeskommunen og kommunane bør kome tidleg inn i planarbeidet, for i størst mogleg grad å få utvikla ei felles problemforståing om mål, strategiar og verkemiddel. I prosessen bør ein finne fram til område der det er behov for samarbeid på tvers av sektor- og forvaltningsgrenser for å løyse problem, både der aktørar har felles mål og interesser, og der det er motstridande mål og interesser. I det siste tilfellet bør ein legge til rette for politiske avvegingar og avgjerder om vegval.

Prosessen bør føre fram til prioritering av innsatsområde og eit samordna handlingsprogram for aktørane som skal følge opp planen. Dette arbeidet bør vere sikta inn mot å finne fram til konkrete, sektorovergripande samarbeidsprosjekt for å følge opp

overordna mål og strategiar, og skape semje om føremål, rammer og deltarar i slikt samarbeid. Arbeidet bør også vere retta inn mot å avklare samordna retningsliner for arealbruk i spørsmål av særleg tyding for fylket på tvers av kommune- og sektorgrenser, jf. kap. 3.

Fylkesplanlegginga må ikkje vere ein prosess som er lausribe frå anna samfunns- og sektorplanlegging. Målet med fylkesplanprosessen må vere å gje ei samordna retning for eksisterande og ny planlegging og verksemd i sektorar og på ulike forvaltningsnivå, og legge til rette for samarbeid der dette er aktuelt.

## 7.2 Plandokumentet er også viktig

Føremålet med plandokumentet bør vere å få klart fram konklusjonane av planprosessen. Dokumentet bør derfor vere kortfatta, med vekt på dei politiske avgjerdene om mål og strategiar for utviklinga i fylket, og på innsatsområde og samarbeidsprosjekt for å følge opp mål og strategiar. Det bør vere eit klart skille mellom politiske vedtak, og bakgrunnsinformasjon og drøfting. Det siste bør eventuelt følge som vedlegg.

Det bør gå klart fram av dokumentet kva politiske mål og rammer som skal gjelde for oppfølgande samarbeidsprosjekt, og kvafor aktørar som skal delta. Dokumentet bør også innehalde ei prioritering mellom dei ulike prosjekta m.o.t. oppstart og framdrift, og om dei skal organiserast som samarbeidsprosjekt eller fylkesdelplanar. Eventuelle føresetnader i handlingsdelen av planen om bruk av ressursar må vere avklart med dei aktuelle aktørane. Plandokumentet bør også presentere eventuelle retningsliner for arealbruk og naturressursar samla og på ein lett tilgjengeleg måte, slik at det går klart fram kva som er vedtatt.

Dersom det gjenstår uavklara konfliktar om fylkesplanen etter at han er vedtatt av fylkestinget, må dette gå fram av oversendingsbrevet til Miljøverndepartementet saman med høyringsfråsegner der usemja går fram. Miljøverndepartementet vil ta spørsmåla opp med berørte departement i samband med godkjenninga av planen. I oversendingsbrevet bør det også gå

fram kva spørsmål som bør få politisk avklaring ved behandlinga av planen.

### 7.3 Fylkesdelplanar som oppfølging av fylkesplanen

Det vert stadig meir vanleg at fylka utarbeider fylkesplanar for spesielle tema eller for delar av fylket, såkalla fylkesdelplanar. I fylkesdelplanar kan ein konkretisere mål og strategiar i samordna retningsliner, og det kan vere lettare å gjere konkrete avvegingar og konfliktavklaringar i fylkesdelplanar enn i fylkesplanane. Men fylkesdelplanane har sjeldan den heilskaplege innretninga som dei regulære fylkesplanane. Det er derfor viktig at fylkedelplanar vert utarbeidd på grunnlag av mål, strategiar og prioriteringar i fylkesplanen. Fylkesdelplanar kan vere ei nyttig og fleksibel oppfølging av fylkesplanane, på same måte som andre oppfølgings- og samarbeidsprosjekt. Aktuelle tema kan vere næringsutvikling, utbyggingsmønster og transport, arealbruk i kystsone, vassdrag og naturområde, oppvekstvilkår til barn og unge osb. I nokre tilfelle kan det også vere aktuelt å utarbeide fylkesdelplanar for konkrete tiltak som vert aktuelle i planperioden, t.d. samferdselstiltak.

Sjølv om fylkesdelplanar vil vere avgrensa i temaval og/eller geografisk område, vil Miljøverndepartementet understreke at dei må bygge på målet med fylkesplanlegginga. Det vil seie at dei bør omhandle tema som krev løysingar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og at dei skal trekke med alle berørte aktørar. Føresetnader om medverknad i gjennomføring av fylkesdelplanane må vere avklart med dei aktuelle aktørane, og planen må gje oversikt over dei som skal medverke.

Fylkeskommunane må vurdere om det er behov for å utarbeide ein fylkesdelplan som vert send til sentral behandling, eller om eit regionalt samarbeidsprosjekt er den beste løysinga. Fylkesdelplanar som vert sende til Miljøverndepartementet for godkjening bør som hovudregel omhandle emne der det er behov for å vurdere planen i høve til nasjonale politiske mål, t.d. for å avklare konfliktar mellom sektorar eller forvaltningsnivå. Sjå elles rundskriv T-6/91 Retningslinjer om sentral behandling av fylkesdelplaner frå Miljøverndepartementet.

## **8 Fylkesplanlegginga i høve til verksemda i staten, kommunar, organisasjonar og til fylkeskommunenes eigen verksemd**

### **8.1 Tilhøvet til fylkeskommunens eigen verksemd**

Effekten av fylkesplanlegginga vil i stor grad avhenge av at fylkesplanen vert lagt til grunn for sektorplanlegging og verksemd i fylkeskommunen. Dette gjeld både for å få ønskt samordningseffekt, og for at fylkesplanlegginga skal ha legitimitet hos aktørar utanfor fylkeskommunen.

Det er derfor behov for at økonomiplanlegginga for fylkeskommunal verksemd som er pålagt fylkeskommunane i den nye kommunelova vert samordna med fylkesplanlegginga. Mål og strategiar i fylkesplanen som vedkjem fylkeskommunal verksemd må verte nedfelt i økonomiplanen, slik at samordning og prioritering i fylkesplanen vert reell. Det same gjeld for sektorplanar i fylkeskommunen, som bør ta utgangspunkt i m.a. fylkesplanen.

### **8.2 Tilhøvet til fylkesmannen og regional statsforvaltning**

Fylkesplanen, utarbeidd innanfor nasjonale mål og rammer, gjeld også for statlege sektorar i fylket. Både i utforminga og oppfølginga av planen er det viktig med eit tett samarbeid med den regionale statsforvaltninga på dei aktuelle områda. Dette samarbeidet må innleiast tidleg i planprosessen.

I St.meld. nr. 31 (1992-93) har Regjeringa drøfta tilhøvet mellom fylkesplanlegginga og staten, med utgangspunkt i ei utgreiing om staten og fylkesplanlegginga. Regjeringa peikar på at samarbeidet mellom staten og fylkeskommunen om fylkesplanlegginga må verte styrkt på fylkesnivået. I samband med dette kan ein auka samordningsinnsats frå fylkesmannen i høve til den lokale statsforvaltninga gje eit vesentleg bidrag til samordning av offentleg verksemd gjennom fylkesplanlegginga.

Fylkesmannen har eit spesielt ansvar for å bidra til klargjering av nasjonale mål i fylkesplanprosessen. Ved starten av planarbeidet bør derfor den politiske og administrative leiinga i fylkeskommunen drøfte med fylkesmannen kva nasjonale mål

som er sentrale i det enkelte fylke, og kvafor statlege etatar som bør delta i fylkesplanprosessen. Fylkesmannen har eit ansvar for å sikre at statlege etatar i fylket gjev ønskt innspel til fylkesplanarbeidet, og at det om naudsynt skjer ei samordning av den statlege innsatsen.

I nokre fylke er det etablert faste kontaktmøter mellom leiinga i fylkeskommunen, fylkesmannen og sentrale etatssjefar, innanfor ramma av fylkesplanlegginga. Dette er ei arbeidsform ein bør utvikle vidare i fylka. Det sikrar ein tidleg og kontinuerleg kontakt mellom den regionale statsforvaltninga og fylkeskommunen om utviklinga i fylket, både ved utarbeiding og oppfølging av fylkesplanen.

Samarbeidet mellom fylkeskommunen og fylkesmannen om fylkesplanlegginga har som utgangspunkt at fylkeskommunen utgjer det folkevalde nivået i fylket, og er tillagt det politiske ansvaret for fylkesplanlegginga. Eventuelle samordningskonfliktar som også krev politiske avklaringar på statleg nivå, må verte tatt opp med statlege politiske organ, det vil seie vedkomande fagdepartement eller Miljøverndepartementet. Slike samordningskonfliktar må i første omgang vere tatt opp med fylkesmannen, og avklara så langt råd er i fylket.

Samordningskonfliktar eller usemje om konkretisering av nasjonale mål kan bli reist for statlege politiske organ i enskilde saker eller i samband med den sentrale behandlinga av fylkesplanane. Det er ønskeleg at fylkesmannen gjev ei vurdering av dei aktuelle spørsmåla som grunnlag for behandlinga sentralt.

Statsetatane arbeider innanfor nasjonale mål og retningslinjer fastsette av Storting og regjering. Det er viktig at desse vert presenterte tidleg i planprosessen, som grunnlag for avklaring av mål, strategiar og innsatsområde i fylkesplanen, og for å avdekke samarbeidsbehov over sektor- og forvaltningsgrenser. Statsetatane bør foreslå og gå inn i samarbeidsprosjekt som del av fylkesplanlegginga.

På ein del område er statsetatane føresette å nå nasjonale mål ved å tilpasse tiltak til regionale tilhøve. I fylkesplanprosessen bør statsetatane klargjere slike område, og legge til rette for at tilpasningane kan ta utgangspunkt i fylkespolitiske strategiar og prioriteringar. I samband med dette er det viktig at statsetat-

ane tar utgangspunkt i m.a. fylkesplanen når dei skal utarbeide eigne sektor- og verksemdeplanar. I møte mellom fylkeskommunen og statsetatar er det naturleg å drøfte tilhøvet mellom fylkesplanen og sektor- og verksemdeplanane, for å sikre ei god samordning.

Dersom fylkeskommunen og statsetatane gjennom fylkesplanprosessen finn bindingar i form av føresegner og retningslinjer som hindrar god samordning på fylkesnivået for iverksetting av nasjonal politikk, bør dei ta dette opp med dei aktuelle departementa.

Alle statlege etatar i fylket som venteteg kan bli påverka av fylkesplanen, bør vere med i fylkesplanprosessen. Dersom ein statleg etat peikar på spørsmål som krev regionale avklaringar eller samordning gjennom fylkesplanlegginga, må fylkeskommunen vurdere om spørsmålet skal handsamast i fylkesplanen, eller i ein avgrensa fylkesdelplan eller samarbeidsprosjekt.

### **8.3 Tilhøvet til kommunane**

Gjennom fylkesplanprosessen bør det vere eit mål å utvikle ein felles utviklingsstrategi for kommunane og fylket, med utgangspunkt i nasjonale og fylkespolitiske mål. Samordning av verkemiddel og samarbeid med statlege etatar bør stå sentralt. I fleire fylke er det utvikla samarbeid mellom kommunar i samanhengande regionar, med utgangspunkt i fylkesplanlegginga. Dette er ei god arbeidsform både for å utvikle felles mål og strategiar, og for å sikre samordning og samarbeid om tiltak på tvers av kommunegrensene. Fylkesplanen bør følge opp slikt samarbeid gjennom strategiar og retningsliner for fylkeskommunal og statleg deltaking i samarbeidet.

Fleire samfunnsoppgåver som kommunane er pålagt å løyse eller ønsker å ta opp, lar seg ofte ikkje løyse på ein god måte innanfor grensene til den enkelte kommune. Dette gjeld særleg areal- og naturressursforvaltning, nærings- og sysselsettingsarbeid, og miljøverknader som følger av ulike tiltak. På desse områda kan det vere motsetningar mellom kommunane. Det kan også vere målkonfliktar mellom fylkeskommunale og nasjonale sektormål

som kjem til syne i den kommunale planlegginga, der kommunane har behov for samordning på fylkesnivået.

Slike spørsmål bør verte identifisert i fylkeplanprosessen, og behandla i fylkesplanen eller fylkesdelplanar. Det kan t.d. vere aktuelt å gje samordna retningsliner for arealbruk, eller gje rammer for samarbeidsprosjekt. Retningsliner for arealbruk i fylkesplanar eller fylkesdelplanar vil vere grunnlag for rettleiing og behandling av kommunale planar i fylkeskommunen og statleg forvaltning, og også vere grunnlag for eventuell motsegn mot nye kommunale planar (jf pkt. 3.4).

Behandlinga av ovannevnte spørsmål må skje i ein åpen prosess mellom staten, fylkeskommunen og kommunane. Vedtak i fylkesplanen må bygge på deltaking frå kommunane og statlege etatar i prosessen, dersom planen skal verke som ein effektiv styringsreiskap. Fylkeskommunen har også eit særskilt ansvar for å følge opp fylkesplanen i høve til kommunane, i samarbeid med berørte statlege etatar.

## **8.4 Tilhøvet til organisasjonar/brukargrupper i fylket**

Fylkesplanlegginga skal først og framst samordne aktiviteten til offentleg verksemd i fylket, tilpassa lokale variasjonar og behov. For å avdekke desse variasjonane, for å sikre at tiltak treffer målgruppa dei er tiltenkte og for å etablere samarbeid med aktørar utanfor offentleg verksemd, kan det vere aktuelt å trekke ulike målgrupper med i fylkesplanarbeidet.

Dette kan vere organisasjonar i arbeids- og næringslivet, frivillige organisasjonar innanfor t.d. kultur, idrett og miljøvern, og representantar for spesielle målgrupper som er laust organiserert (ungdom, kvinner, småbarnsforeldre, osb.).


Kontakten med ulike målgrupper kan skje på fleire måtar og kan ha fleire føremål. Det kan vere større konferansar for å avklare behov og ønske knytte til strategiar og innsatsområde, eller mindre møter der ein drøftar konkrete tiltak. Slike kontaktmøte kan vere ein viktig kanal for formidling av behov og ønske, i tillegg til massemedia og val til fylkesting. I tillegg kan dette føre til samarbeid mellom offentleg verksemd og frivillige organisasjonar om tiltak for å nå mål i fylkesplanen. Det kan

også vere aktuelt å gjennomføre brukarundersøkingar for å klargjere oppfatninga i befolkninga om situasjonen.

## 8.5 Tilhøvet til staten sentralt

I St.meld. nr. 31 (1992-93) har Regjeringa drøfta tilhøvet mellom fylkesplanlegginga og staten sentralt, med utgangspunkt i den ovannevnte utgreiinga om staten og fylkesplanlegginga.

Som nevnt i kap. 8.2 peikar Regjeringa på at samarbeidet mellom staten og fylkeskommunen om fylkesplanlegginga må bli styrkt på fylkesnivået. Regjeringa peikar også på at det er naudsynt å betre arbeidet med fylkesplanlegginga på sentralt nivå. Det er behov for å finne fram til ei organisering sentralt som tek i vare dette omsynet, og som tek i vare behovet for betre kontakt mellom departementa og fylkeskommunen om fylkesplanlegginga. Regjeringa legg ikkje opp til at denne kontakten skal føresette meir bindande statlege signal enn tidlegare. Arbeidet med å finne fram til former for å betre kontakten mellom departementa og fylkeskommunen om fylkesplanlegginga, vil m.a. skje i kontakt med fylkeskommunane.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Thorbjørn Berntsen".

# VEDLEGG

## Nye og aktuelle rundskriv og anna informasjonsmateriale

### *Rundskriv*

Nasjonalt prioriterte satsingsområder for det kommunale miljøvernet  
(Miljøverndepartementet 1993, T-937)

Rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområder i Oslofjorden

(Miljøverndepartementet, T-4/93)

Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging

(Miljøverndepartementet, T-5/93)

Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barns og unges interesser i planleggingen

(Miljøverndepartementet, T-2/92)

Tilskudd og lån til kommunale oppryddingstiltak på avløpssektoren, samt planleggingstilskudd

(Miljøverndepartementet, T-1/93)

Retningslinjer om behandling av støy fra skytebaner: behandling etter forurensingsloven og plan- og bygningsloven

(Miljøverndepartementet, T-5/92)

Kulturminnevern og planlegging etter plan- og bygningsloven

(Miljøverndepartementet, T-4/92)

Innføring av nytt sysselsettingstiltak i offentlig sektor

(Kommunal- og arbeidsdepartementet, H-48/93)

Videreføring av SKAP til 31. oktober, innføring av vikar plass for arbeidsledige og opprettelse av arbeidsmarkedsråd

(Kommunal og arbeidsdepartementet, H-32/93)

Planskriv 1993 – Fylkeskommunal helse- og sosialtjeneste

(Sosialdepartementet, I-15/93)

Styrings- og informasjonshjulet for helse- og sosialtjenesten i kommunene – Nasjonale mål og hovedprioriteringer

(Sosialdepartementet, I-9/92 og I-21/93)

### *Rettleiing o.l om kommunal planlegging etter plan- og bygningslova*

Planlegging og handling. Kommunal planlegging som grunnlag for politisk styring

(KS og Miljøverndepartementet, Kommuneforlaget 1990)

Kokebok i alternativ planlegging (Miljøverndpartementet 1987, T-685)  
Håndbok i alternativ planlegging (Miljøverndepartementet 1993, T-970)  
Deltakelse og innflytelse (Miljøverndepartementet 1991, T-812)  
Gode utearealer i tettbygde strøk (Miljøverndepartementet 1991, T-812)  
Fra plan til grønn virkelighet (Miljøverndepartementet 1991, T-813)  
Klima og luftmiljø i areal og bebyggelsesplanlegging (Miljøverndepartementet 1992, T-926)  
Stedsanalyse – innhold og gjennomføring (Miljøverndepartementet 1993, T-986)  
Faktaperm for barnerepresentanten (Miljøverndepartementet, 1993)

*Nokre dokument som er planlagt utarbeidd i løpet av 1994/95*

Samferdsel i kommuneplanlegging  
(Samferdsels-, Miljøvern- og Fiskeridepartementet)  
Informasjon om vegplanlegging etter plan- og bygningslova  
(Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet)  
Målformidling, resultat og tilbakemelding om sentrale prioriteringar i  
utdanningssektoren  
(Kyrkle-, utdannings- og forskningsdepartementet)  
Nasjonale mål for vannforekomstane, som grunnlag for kommunale  
miljømål  
(Miljøverndepartementet)  
Rettleiing om utarbeiding, handsaming og framstilling av kommunale  
arealplanar etter PBL  
(Miljøverndepartementet)  
Nytt rundskriv om motsegn til kommunale planar etter PBL  
(Miljøverndepartementet)  
Forskrifter og rundskriv om bedriftsretta distriktpolitiske verkemid-  
del forvalta av SND og fylkeskommunane  
(Kommunal- og arbeidsdepartementet)  
Standardvedtekter for kommunale næringsfond gjeve i vassdragsregu-  
leringar  
(Kommunal- og arbeidsdepartementet)

Flere eksemplarer av denne publikasjonen kan bestilles fra:  
Statens forurensningstilsyn (SFT)  
Strømsvn. 96, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo  
Tlf. 22 57 34 00 – Telefax 22 67 67 06

Trykt på papir produsert uten bruk av klor

